
Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: 25. november 2015 16:00
Til: 'benteskarpenes@gmail.com'; 'bhskarpenes@gmail.com'
Emne: Vedrørende mottatt krav om oppdeling i eigarseksjonar
Vedlegg: Framside kravskjema_feil BG.pdf; Fordeling av sameieandeler ved seksjonering.pdf

Hei

Viser til innsendt rekvisisjon av oppmålingsforretning / krav om oppdeling i eigarseksjonar.

Feil i skjemaet:

På skjemaet – krav om oppdeling i eigarseksjonar er det skrive bokstav B, for bygning, for tilleggsareal til seksjon 2, på 2 av 3 skjema, sjå vdlegg. På det 3. skjemaet står det tilleggsareal i G, for grunn. Underteikna kan retta dette til G i samråd med dykk og ber om bekreftande tilbakemelding på retting før kommunen kan gjera vedtak om seksjonering.

Vedlagt ligg også eit skjema som heiter fordeling av sameieandeler ved seksjonering. Dette skjemaet kan de fylla ut slik at kommunen kan sende det inn til tinglysing i lag med seksjoneringa. Då slepp de å skriva skøyte frå og til kvarandre etter at seksjonane er oppretta. Utan dette skjemaet vert begge 2 ståande som eigarar på begge seksjonane.

Gebyr for sjølve sakshandsaminga av seksjoneringa er 3* rettsgebyret (860) og tinglygingsgebyr som er kr. 525,- for 2015.

Oppmålingsgebyret vert etter storleiken på areala.

Etter årets satsar vert dette kr. 13900 for seksjon nr 1, og kr 17300 for uteareal til seksjon 2. I tillegg kjem tinglygingsgebyr med kr 525,-.

Vedtak med godkjenning av seksjonering vert gjort så snart kommunen har fått tilbakemelding på retting av skjema, men oppmålingsforretninga over utearealer vert halden over nyttår.

Dette til dykkar orientering.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)